

# MIDTRE HOLSNØY GRUNNEIGARLAG

Steinberget 5917 Rossland - Tlf.: 45066764 - e-post: [bj-skin@online.no](mailto:bj-skin@online.no)  
heimeside: <http://www.grunneigarlaget.cow.no>

**Meland kommune**  
v/Marius Knudsen

Dykkar ref.:  
Vår ref.: BJS

Dato. 26.02.2019

## **Gjeld dispensasjon for motorbruk i Rylansvassdraget**

Midtre Holsnøy Grunneigarlag består av 50 medlemmar som er grunneigarar i området rundt Rylandsvassdraget. I samarbeid skal laget forvalta og nytta dei verdiane som ligg i området m.o.t. Småviltjakt, fiske og friluftsliv.

Grunneigarlaget utfører tynningsfiske i Rylandsvassdraget - dette for å forbetra røyebestanden. Det er Arnt Brakstad som fiskar aktivt med garn i Storavatnet, og på vel 200 garndøgn i 2018 har han fiska ut rundt 3200 røye.

Frå 2000-2005 fiska vi aktivt med garn i Rylandsvatnet, og fiska ut om lag 140 kg pr år. Bjørn Inge Tornes og Helge Moe har fiska aktivt i Rylandsvatnet, og han tok ut 15 kg røye og 17 kg aure i 2017 og litt mindre i 2018. Det er no synlege resultat på fisken i Rylandsvatnet. Dette gjev ein forbetra kvalitet som matfisk.

Det vert utarbeidd fangstresultat for kvart år.

I Storavatnet og Bjørndalsvatnet har grunneigarane høve til å gje andre løyve til bruk av motor i næringsamanheng. Arnt Brakstad får nytta påhengsmotor i Storavatnet i høve tynningsfiske.

I Rylandsvatnet er det ikkje tillate med motor på båt. Midtre Holsnøy Grunneigarlag søker med dette om dispensasjon til å få bruke motor i Rylandsvatnet frå no og ut 2019. Det vert oppretta ein skriftleg kontrakt mellom grunneigarlaget og dei som utfører tynningsfiske.

For Midtre Holsnøy Grunneigarlag



Bjarte J. Skintveit  
Leiar

Laget si heimeside: <http://steinberget.net/FISKE/Grunneigarlag.htm>